

Sivilt mot i barnehagen

Margreth Jernes, Institutt for barnehagelærerutdanning, UiS



Denne teksten handlar om situasjonen i dag med bølga av ny offentlig styring, og korleis det kan ha innverknad på barnehagefeltet. Teksten handlar også om barnehagelærarar sin klokskap og deira sivile mot.

Som profesjonsutøvarar skal vi sjølvstende vere i fagleg utvikling, men kanskje motet til å protestere òg må vere i utvikling. Til dømes når det kjem nye krav om nye ordningar, nye styringsverktøy, ofte forkledd som innovasjon eller utvikling. Då må vi trene på å avdekke kva som ligg bak såne krav, og vi må kunne vurdere konsekvensane av dei (Brinkmann, 2014, 2018).

I forkinga som ligg til grunn for denne teksten tek Jernes utgangspunkt i eksamenstekstar frå master- og vidareutdanningsstudentar i temattikkane profesjon, leing og rettleing som studentane har gitt sitt samtykke til at kan brukast i forskning (se Jernes, 2022). I eksamenstekstane fortel mange av studentane at dei vil styrke sin eigen barnehage i å utvikle seg til ein lærande organisasjon. Dei ønsker å utvikle visjonar for barna og det pedagogiske arbeidet. Men studentane skriv også om utfordringar med stort press frå både stat og eigarar. Dette samsvarar med samfunnsdebattane om barnehage, kor mange fortel om utfordringar med auka arbeidsoppgåver og aukande sjukefråvær, eller målstyring, for å nemne noko (Kalsås, 2020; Utdanningsforbundet, 2020).

Problemstillinga for studien er: *Kva kan vere bakgrunnen for samtida sine krav til utvikling? Og, korleis kan ein handtere dette i eiga profesjonsutøving?*

Offentleg styring av barnehagen

På 1970-talet blei offentlig forvaltning ofte opplevd som ineffektiv og tungrodd. Difor begynte ein på 80- og 90-talet å snakke om å effektivisere den offentlege styringa. Omgrepet *Ny offentlig styring* er henta frå engelsk, *New Public Management*. Ideen kjem frå næringslivet og privat sektor (Vetlesen, 2011). Påverka av næringslivet og privat sektor gjekk det ikkje lang tid før også språkbruken blei endra (Brinkmann, 2008). Nokre omtalte dette som det nye språket. Vi begynte til dømes å omtale foreldra i barnehagen som kundar eller brukarar. Dei nye omgrepa kom frå kapitalismen som ideologi, der ideane er knytt til meir forbruk og meir konkurranse, og vi skulle kunne ta fleire frie val. Dei frie vala har også påverka barnehagefeltet, som prøver å følgje med på nye trendar og vel ulike program for å marknadsføre sin barnehage.

Heldigvis har barnehagelærarane, i kraft av sin profesjon, ein viss autonomi og sjølvstende. Dei har fridom til å utforme sin praktiske pedagogikk (Molander & Terum, 2008), men dei blir samtidig oppmoda til kontinuerleg utvikling av eigen praksis. Barnehagelærarar kan oppleve å stå i eit spenningsfelt mellom sjølvstende og krav frå barnehageeigarar, det kan vere både offentlege eller private som aukar presset for fornying. Jag etter meir og betre praksis kan bidra til ein stressa kvardag for både store og små i barnehagen.

Bølga av ny offentlig styring kan altså opplevast som stressande og krevjande, men det er mogleg å sette ned tempoet dersom ein ønsker det. Barnehagelærarar med danning som del av profesjonskompetansen har eit godt utgangspunkt for å drive konstruktiv utvikling på eigne premisser. Med klokskap og didaktisk refleksjon har ein kompetanse til å utøve eit siviltt mot i møte med stadig nye krav.

Didaktisk refleksjon

Didaktisk refleksjon er grunnleggjande i alt pedagogisk arbeid. Dette bidreg til å gi ei *kunnskapsbasert retning* i arbeidet. I ei slik tenking inngår visjonar og mål, saman med tenking om føresetnader, innhald og metodar i utdanninga. Det handlar om å tenke over sitt eige *pedagogiske grunnsyn* i det fagleg-pedagogiske arbeidet. Som profesjonsutøvar må ein vite kor ein vil og kva ein vil oppnå med arbeidet i barnehagen. Dersom ein ønsker glade barn som skal få vekse opp til initiativrike personar med styrke og makt i eige liv, må dette få konsekvensar i arbeidet med til dømes å ta imot eit barn sine initiativ og gje konstruktive innspel til det barnet er oppteke av.

Danning

Danning handlar om å bli forma som menneske i ein kultur, i eit land, i ei verd. I omgrepet *sjølvbestemming*, som er eit av tre dannelsingsmoment, ligg autonomi, fridom, myndigheit og fornuft i ei sjølvverksemd (Løvlie, 2003). Med denne autonomien meiner eg at barnehagelærarar har grunnlag for å protestere mot ytre krav som opplevast som ein trussel mot barna sin medverknad, trivsel og deira vennskap. Ein sånn refleksjon inngår i eit anna dannelsingsmoment: *solidaritet og humanitet*. Solidaritet kan knytast til etikk som handlar om etisk ansvar overfor kvarandre, både no og i framtida, slik ein berekraftig pedagogikk vil ha budskap om. Det tredje momentet i klassisk dannelsingsforståing er *medråderett og individualitet* i eit fellesskap (Klafki, 2011). I dette forstår eg det heilt grunnleggjande i at eg som individuelt tenkande menneske, kan vere fri til å seie ifrå når noko ser ut til å gå galt. I ei analytisk og kritisk tenking ligg evna til å stille spørsmål og ikkje godta pålegg frå styresmakter eller andre, utan refleksjon.

Oppsummert kan danning bli forstått som at mennesket er eit sosialt individ, eit opplyst samfunnsmenneske med tru på seg sjølv og respekt for sin neste (Imsen, 2011).

Sivilt mot

Evna til å stille spørsmål og ikkje godta alt, handlar om sivilt mot. I staden for ureflektert å godta direktiv frå styresmaktene, er det eit dannelsingskrav å stille spørsmål og analysere grunnlaget for direktiv og konsekvensar ved gjennomføring. Dette kom godt fram i protesten mot stortingsmeldinga om leik og læring i 2016 (Meld. St. 19 (2015-2016)), der fleire tusen barnehagefolk deltok i Barnehageopprøret¹. Med sivilt mot tenker eg at ein barnehagelærer har tilstrekkeleg kunnskap til å argumentere for andre perspektiv når det er nødvendig.



Illustrert av Tilde Hoel Torkildsen

Oppsummering

Denne teksten har peikt på kor viktig det er å forstå barnehagefeltet i samfunnet i dag, prega av ny offentleg styring, altså New Public Management. Gjennom si danning har barnehagelærarar tilstrekkeleg klokskap og sivilt mot til å handtere dette i eigen profesjonsutøving. Det handlar om å gjere eigne didaktiske val og ha mot til å protestere på bakgrunn av eiga dømmekraft når det er nødvendig.

Gjennom sine tekstar har master- og vidaredanningsstudentar vist at barnehagelærarane som navigerer trygt mellom fridom og krav, finn vegen til å foreta gode vurderingar og tar kvalifiserte val til det beste for barna.

Referansar

- Brinkmann, S. (2008). *Identitet: Udfordringer i forbrugersamfundet*. Klim.
- Brinkmann, S. (2014). *Stå fast: Et oppgjør med tidens utviklingstvang*. Gyldendal.
- Brinkmann, S. (2018). *Gå glipp: Om begrensningens kunst i en grenseløs tid*. Press.
- Imsen, G. (2011). *Hva er pedagogikk*. Universitetsforlaget.
- Jernes, M. (2022). Sivilt mot: Perspektiver på utvikling i barnehagen. I M. Jerne & M. Alvestad (Red.), *Barnehageutvikling* (s. 109-119). Universitetsforlaget.
- Klafki, W. (2011). *Dannelsesteori og didaktik – nye studier* (3. utg.). Forlaget Klim.
- Løvlie, L. (2003). Teknokulturell danning. I R. Slagstad, O. Korsgaard & L. Løvlie (Red.), *Dannelsens forvandlinger* (s. 347–371). Pax.
- Molander, A. & Terum, L. I. (2008). Profesjonsstudier – en introduksjon. I A. Molander & L. I. Terum (Red.), *Profesjonsstudier* (s. 13–27). Universitetsforlaget.
- Vetlesen, A. J. (2011). Nyliberalismen – en revolusjon for å konsolidere kapitalismen. *Agora*, 29(1), 5-52.
- Kalsås, T. (2020). Stress: Min feil eller systemfeil? [kronikk]. *Barnehage.no*. Lastet ned fra <https://www.barnehage.no/arbeidsmiljo-kronikk-stress/stress-min-feil-eller-systemfeil/211634>
- Meld. St. 19 (2015–2016). *Tid for lek og læring: Bedre innhold i barnehagen*. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/cae152ecc6f9450a819ae2a9896d7cf5/no/pdfs/stm201520160019000dddpdfs.pdf>
- Utdanningsforbundet. (2020). Sykefravær i barnehagen sett fra innsiden – intervju med medlemmer av Utdanningsforbundet [rapport]. https://www.utdanningsforbundet.no/globalassets/var-politikk/publikasjoner/rapporterutredninger/rapport_01.2020_sykefravar_barnehage.pdf

¹ <https://barnehageoppror.wordpress.com/om-barnehageoppror-2018>